

# MOGLEGHEITSSTUDIE LOM SENTRUM



LOM KOMMUNE



## BAKGRUNN

Nordplan AS har av Lom Kommune fått i oppdrag å gjennomføre ei overordna moglegheitsstudie for Lom Sentrum. Denne studien skal i grove trekk synleggjere moglege tiltak og forbetringar for sentrum.

Tiltaket skal bidra til eit estetisk vakkert og attraktivt sentrumsområde for bebuarar og tilreisande, og må sjåast i samanheng med Lom sin status som nasjonalparklandsby.



Bergomsgarden, sett frå Midtgard. Foto: Lom Kommune

## DAGENS SITUASJON

Lom Sentrum, eller Fossbergom som det kallast lokalt, er eit naturleg knutepunkt der dalen delar seg mellom Fylkesveg 55 mot Bøverdalen og Sogn, og Rv 15 som fortset vidare mot Skjåk og Strynefjellet.

Sentrum er forholdsvis kompakt, og samla omkring det naturlege vegkrysset, med klare, naturgevrne avgrensingar i form av elvar og fjellsider. Bebyggelsen strekkjer seg frå langt attende i tid då det berre var stavkyrja og Storstaburet, via gardsbebyggelse frå 17- og 1800-talet til dagens sentrum som er prega av offentlege bygg, næring og handel.

Lom er eit ynda besøksmål for turistar - både som skal besøkje Jotunheimen og Lom spesifikt, men også mange på gjennomreise. Det er stor skilnad i folkemengd sumar og vinter, noko som mellom anna medfører noko problem med parkeringskapasitet om sumaren.

Lom Sentrum har ein særegen byggeskikk, som gjer at arkitekturen vert oppfatta som einsarta av dei besøkjande. Noko av bebyggelsen er tradisjonelle, eldre gardsbygg som er ombygde til næringsbygg, hovudsakeleg innan reiseliv, medan mykje av bebyggelsen er oppført frå 1970-talet og fram til i dag. Det meste av dette er utforma av arkitekt Torbjørn Fjeldstad, som var aktiv heilt fram til 2000-talet, og dette kan ein kjenne att i detaljering, farge- og materialbruk.

Arkitekturen er prega av trekledning og saltak, med farger i den mørke og varme delen av fargeskalaen. Denne byggeskikken er også delvis vidareført i retningsliner og føresegner i gjeldande planverk for Lom Kommune.



Lom Sentrum - mørkbeisa trehus med saltak.

## GRUNNLAG OG PROSESS

Denne moglegheitsstudien er hovudsakeleg utarbeida med grunnlag i gjeldande planverk for Fossbergom, her under gjeldande kommunedelplan.

I tillegg har vi mellom anna teke utgangspunkt i følgjande grunnlag:

- Gjeldande plan for bussterminal på Fosstuguområdet
- Planskisse for opplyst gangveg gjennom Presthaugen
- Stadsutviklingsplan for Lom, utarbeida av Rambøll i 2008
- Gjeldande skiltplaner for kyrkjevollen og bussplass ved barneskulen
- Planskisse for gangsti og uteareal ved Loarutsal/bibliotek/Steinfjoset
- Fottur- og sykkelkart med Lom sentrum som utgangspunkt
- Kart og brosjyre for Bergomsrunda

Det har opp gjennom åra vore gjort mange gode tiltak og mykje godt arbeid for å gjere Lom til den staden det er i dag. Det er ikkje utan grunn at Lom vert oppfatta som ein triveleg plass å stoppe, med mykje å sjå, mykje godt å ete og gode opplevingar.

Denne studien har ikkje som mål å forkaste tankar og idéar frå tidlegare arbeid, eller gjere store, gjennomgåande endringar i Lom. Den er meint som ei samanfating av innspel til både enklare og meir gjennomgripande tiltak som kan forbetre sentrum, både praktisk og estetisk.

Sjølv om denne studien i utgangspunktet ikkje skal munne ut i ein planprosess, og tiltaka som er foreslått i hovudsak kan gjennomførast innanfor gjeldande planverk, har vi tillatt oss å foreslå ein del tiltak som nok vil kreve planprosess og større investeringar. Desse tiltaka er presentert i egne illustrasjonar og avsnitt i et langsiktig perspektiv. Ein del av desse forslaga er delvis i konflikt med både planlagte endringar (el-billading, kollektivterminal mm) og dagens bygg og infrastruktur, men ein ser da for seg at dette er endringar som kan vera aktuelle 10 år eller meir fram i tid.

Arbeidet er utført i eit tverrfagleg team med arkitekter og landskapsarkitekt, der nokre har lokal tilknytning og andre ikkje. Det har vore viktig for arbeidet å få med bae desse perspektiva, ved at ein då kan sjå sentrum både "frå utsida" som ein besøkjande, men også som ein lokal som ferdast i Lom Sentrum med jamne mellomrom. Dette gjer at ein både kan sjå ting med nye augo, samstundes som ein har kjennskap til lokale tilhøve.

## MEDVERKNAD

Det har tidleg i prosessen vore gjennomført ei runde med medverknad, der ein har bede om innspel frå folk i Lom, både privatpersonar, lag/organisasjonar og næringsliv.

Det var spesifikt bede om innspel på følgjande tema:

- Parkeringsstruktur og tilrettelegging for el-bil
- Utvikling av møteplassar og torg
- Fortettingspotensiale og utviklingsmoglegheiter
- Tilrettelegging for friluftaktivitetar i tilknytning til sentrum

Høyringsrunda vart publisert både i Fjuken, på kommuna sine heimesider og i sosiale media. Det kom inn ei rekkje gode innspel, av svært ulik karakter og med ulikt fokus. Ikkje alle er innarbeida i våre forslag, men alle innspel er lese, gjennomgatte og vurderte.

På neste side er det utarbeida eit kart der tema frå innspela som har kome inn er synleggjort med plassering og tekst.

Ein del av innspela omhandla dei same problemstillingane, slik at teksten i kartet delvis er ei samanfating av dei ulike temaa. Det er derfor ikkje sikkert at alle innspel er attkjennelege i detalj i ordlyd og formuleringar i dette kartet.



# OPPSUMMERING INNSPEL

# MOGLEGHEITSSTUDIE FOR LOM SENTRUM



**OMRÅDET RUNDT UTLEGGSRUA**  
 Benker, søppelkasser, smal grusveg  
 Koplast saman med uteområde ved Fjellsenteret.  
 Konkret ynskje frå Nordal om samarbeid om utvikling her.

**KYRKJEVOLLEN**  
 Tradisjonelt sett viktig møteplass  
 Tiltak for å minske/fjerne parkering av  
 store kjøretøy, bubar osv.

**FJELLSENTERET OG OMRÅDET BAK**  
 Fortettingsmoglegheiter  
 Arbeidsplassar  
 Naturleikeplass  
 Opparbeide uteområde som park, som koplast  
 saman med området ved Utleggsbrua og ned mot  
 Grov.  
 Bru frå sentrum til Fjellsenteret og Presthaugen

**"TREKANTEN MELLOM HELSEHEIMEN  
 OG PRESTHAUGEN"**  
 Bocciabane  
 Parkt tilrettelagt for brukarar i alle aldre

**BERGOMSRUNDA**  
 Bør legge til rette for gangveg langs Bøvra  
 på bae sider, på oversida og nersida av  
 Prestfossen.  
 Fleire benker langs runda.

**FOSSTUGUOMRÅDET/NEDANFOR MURGARDEN**  
 Bør vera bussplass - men tilretteleggjast betre for reisande  
 Bør ikkje vera bussplass  
 Bør bli bilfritt  
 Bør bli ei grøn lunge i nasjonalparklandsbyen

**KLUKKARGARDSTOMTA**  
 Parkeringshus i fleire etasjer

**COOPPLASSEN**  
 Bør opparbeidast med meir vegetasjon, for å  
 dempe preget av av asfalt  
 Paarkeringshus

**GENERELT:**  
 - Fleire søppelkasser i sentrum  
 - Fleire benkar og sitteplassar - alle benkar  
 må ha same utforming  
 - Betre skilting av turstigar osv. i sentrum  
 - Betre merking av parkering, eks. ved  
 skulane i ferier osv.

**DIVERSE:**  
 - Plassen mellom Nilsbue og RV15 bør  
 utformast likt som på andre sida av gata -  
 med stein og rogn  
 - Badeplass. Med badstue.  
 - Oppgradering og ombygging av ubrukte  
 bygningar  
 - Frigjere plass på Bergom ved å flytte detalj-  
 og varehandel ut frå sentrum  
 - Fugletittetårn ved Årsjo

**INDUSTRIOMRÅDET**  
 Fortettingsmoglegheiter  
 Moglegheiter for parkering av  
 tyngre transport

Potensielt område for fortetting

**MELLOM COOP OG FOSSBERG**  
 Gjere om plassen mellom Coopen og Fossberg til torgområde.  
 Tilrettelagt med benker og bord  
 Kan det bli eit område for mixed use?  
 Bilfritt område




## PARKERINGSSTRUKTUR OG TILRETTELEGGING FOR ELBIL

Som nemnt i innleiinga, er det i sommarhalvåret ein del problem med parkeringskapasiteten i Lom Sentrum. I tillegg er det mellom anna ein del uønskt parkering av lastebilar og vogntog på kyrkjevollen, spesielt på natterstid.

Det har og vore problem med køavvikling og trafikk rundt elbil-ladarar der dei er plasserte i dag.

Sistnemnte problem vert på kort sikt noko utbetra ved at ladarane på Klukkargardtomta vert flytta, samt at det vert etablert fleire ladepunkt. I tillegg vert det etablert ladarar ved Kiwi i privat regi, noko som betrar ladekapasiteten i Lom.

Det er også i tillegg etablert nye skiltplaner for kyrkjevollen og området rundt biblioteket og ungdomsskulen, som vil betre kapasitet og trafikkflyt i sommarhalvåret, og spesielt i skuleferien. Sjå utklipp frå skiltplan for sommarskilting under.



Skiltplan for Kyrkjevollen, utarbeida av Norconsult for Lom Kommune.



Område bak Fossberg som kan tilretteleggjast for parkering.



Tak på eks. bygningsdel ved Fossberg. Mogleg med parkering oppå?

Tilrådingar for ytterlegare forbetringar av parkeringsstrukturen har vi valt å dele i kortsiktig og langsiktig perspektiv, då nokre av tiltaka er større, meir ressurskrevande tiltak som truleg krev både planprosessar og store investeringar.

Nokre av tiltaka vi foreslår på kort sikt er tiltak som vi veit har vore vurdert og delvis også utprøvd tidlegare, men som vi meiner framleis kan ha noko for seg.

### Forslag til tiltak på kort sikt:

- Ein betre, meir heilheitleg strategi for skilting og informasjon kring parkeringsmoglegheiter. Kanskje via app eller heimeside, men viktigast med skilt.
- Vurdere kun korttidsparkering innanfor sjølve Bergomsgarden - eksempelvis maks ein eller to timar. Vanskeleg å handheve fysisk, men skilting vil truleg uansett ha ein effekt.
- Tydeleg skilting til langtidsparkering (eksempelvis over 2 timar) ved innkøyring til sentrum frå alle tre retningar. Det er ikkje uvanleg at sentrum på turiststader er parkerings- eller tilnærma bilfrie.
- Langtidsparkering etablerast eksempelvis ved Utgard og på skulebussplassen ved Loar, eller i industriområdet. Tydeleg skilting frå Rv 15. Alle desse parkeringsplassene har gangveg til sentrum.
- Vurdere parkeringsguidar, til dømas ungdom i sommarjobb, som kan rettleie og halde oversikt over ledige plassar. Desse må få grundig opplæring og instruks!
- Etablere langtidsparkering for lastebilar og vogntog i industriområdet, til dømes i austleg ende av Stupulvegen, der det i dag er hundebane. Ev. også med toalettanlegg.
- Parkeringsplassar mellom Coopen og Fossberg vert fjerna sumarstid, då dette området er foreslått omgjort til bilfritt torg. Desse plassane kunne til dømes vore erstatta rett bak badeanlegget på Fossberg, der det i dag er ein graskledd plass. Dette krev ikkje store ressursar - sjå bilete av dagens situasjon.
- Kan taket på bygg rett aust for badeanlegget på Fossberg midl. nyttast til parkering?
- Kan delar av parkeringa på baksida av Midtgard gjerast om til offentleg parkeringsplass i juli måned/når det er ferietid på Midtgard?
- Bubilar kan til dømes henvisast til skulebussplassen ved Loar.


### Forslag til tiltak på lang sikt:

- Området mellom Murgarden/Brimibue og Bøvra vert gjort om til fortettingsområde med bilfritt torg. Dette vert beskrive nærare seinare i denne studien.
- Kollektivterminal vert flytta opp på Coop-plassen, med kantstopp slik terminalen no er planlagt ved Bøvra.
- Etablering av parkeringshus på Klukkargardstomta, over to eller fleire plan
- Etablering av parkeringshus på Coop-plassen over to eller fleire plan, med kollektivterminal i front mot Rv 15
- Ladarar for el-bil etablerast i eitt eller begge av parkeringshusa

Moglege løysingar for parkeringshus vert nærare beskrive seinare i rapporten.




# PARKERINGSSTRUKTUR KORTSIKTIG PERSPEKTIV





## PARKERINGSSTRUKTUR LANGSIKTIG PERSPEKTIV





## FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER

Som nemnt tidlegare, er Lom Sentrum kompakt, med klare, naturgjevne avgrensingar. Sentrum framstår som relativt tett bebyggd, med ein god del større bygningsvolum og gangavstand mellom dei fleste funksjonar.

På tross av dette fins det framleis nokre område der vi meiner det er potensiale for fortetting og ny bygnad. Nokre av desse områda er meir krevjande enn andre, ved at dei i dag er i bruk til andre formål, eller er regulert til andre formål i kommunens planverk, medan andre område allereie er sona til aktuelle byggeformål i reguleringsplan eller kommunedelplan.

Sjølv om enkelte område er i bruk til andre formål i dag, meiner vi at det har vore viktig å sjå utanfor dagens situasjon og rammer, og få alle tankar på bordet, utan for mykje begrensingar. Nett ei slik studie meiner vi er rett forum for denne type øving, der ein kastar fram ei rekkje idéar. Truleg vil ikkje alle bli vidareførte, men det er uansett nyttig å ha vore innom fleire alternativ.

Potensiala for fortetting og mogleg, framtidig bygnad er her synt i 3D-modell i svært overordna nivå. Vi understreker at volumoppbygging og storleik, takform og høgder ikkje er vurdert i detalj, då hovudmålet med denne studien fyrst og fremst er å synleggjere moglegheiter. Ev. vidare utvikling av desse områda og tomtene må naturleg nok gjennom ein prosjekteringsprosess der ein vurderer utforming, plassering og funksjon.

Det er óg moglegheiter for omdisponering av eksisterande bygningsmasse i Lom Sentrum, mellom anna Prestgardslåven og Gammel-Banken. Dette er etter vårt syn gode tankar, ikkje minst i eit miljøperspektiv, som ev. bør utviklast vidare i eigne prosjekt.

### Vi foreslår følgjande grep for fortetting og nye bygg:

#### Fosstuguområdet:

Området mellom Bøvra og Murgarden i nord og sør, Best og Flækøybygget i vest og aust er i dag ein parkeringsplass og kollektivterminal. Denne terminalen/busstoppen skal etter planen oppgraderast og omstrukturert ila 2022/2023. På kort sikt må ein sjølv sagt forhalde seg til dette, men på lang sikt ser vi at dette er eit område med potensiale til å kunne bli ein meir levande del av sentrum. Mykje av sentrum - også den bebyggelsen som ligg mot elva i dag - utnyttar i liten grad Bøvra og den opplevingsverdien ho har. Vi foreslår derfor at ein fortettar langs elva der kollektivterminalen no er tenkt, med små næringsbygg som vender seg også mot Bøvra, og som gjev plass til ei elvepromenade på utsida. Vidare at ein fortettar mot vest, for å skjerme mot vestavinden, og lage ein slutta plass mellom husa, eit bilfritt torg ("Fosstugutorget"?). Bensinstasjonen kunne i så tilfelle med fordel ha vore speilvendt, med inn- og utkøyring, samt pumper på vestsida av bygget.

#### Område/jorde ved Nedre Ulstadveg, sør for Fossheim Hotell:

Dette området er sentrumsnært og lett tilgjengeleg, og er allereie i dag sona til Sentrumsformål. Vi ser for oss at ein her kunne lage eit fint område med relativt småskala bygningsvolum, der ein har leilegheiter eller næring - alt ettersom kva det er mest behov for.

#### Område bak og framfor Norsk Fjellsenter:

Fjellsenteret har signalisert behov for meir plass, og har også hatt planar om ei utviding. Vi ser for oss at ein her kunne nytte skråninga bak og attmed Fjellsenteret til eit bygg bakover i terrenget, som kan kople seg fysisk på eksisterande bygg, utan å overskygge eller forstyrre dette i for stor grad. Vi har foreslått at dette bygget får ei opning/spalte gjennom seg, som kan huse vertikal kopling intert i bygget, men også danne ein link opp til Presthaugen, kanskje både med trapp og heis under tak. Kanskje kan ein då kjøpe billett eller starte omvising og aktivitetar i Presthaugen allereie inne på Fjellsenteret? Dette området er i KDP delvis synt som område med særleg omsyn til naturmiljø, og krev derfor ein reguleringsplan eller dispensasjon om ein skal bygge ut. Vi har også foreslått eit bygg ned mot elva, med underjordisk kopling inn til Fjellsenteret. Dette kan ha glasfasade i front mot elva, for verkeleg å få nærkontakt med Prestfossen. I tillegg uteplass/aktivitetsområde på taket, ev. som erstatning for uteområdet som i dag er nede ved elva.

#### Klukkargardtomta:

Her har vi foreslått eit parkeringshus, med fortetting av nye bygg både framfor og oppå. Dei nye bygga kan vera både næring og offentlege bygg (dersom behov), og vil kunne skjerme parkeringshuset. Klukkargardtomta er eit område med fin utsikt over sentrum, som vi meiner kan tåle ei relativt høg utnytting, då det har bratt skråning bak, og høgt opp til nabo/bustadhus i bakkant. Om ønskjeleg kan utbygginga her skje i fleire byggetrinn, ved at ein byggjer parkeringshuset fyrst, og bygg inntil/over seinare. Tak på parkeringshus kan då til dømes mellombels nyttast til park/leikeplass.

#### Coop-plassen:

Her har vi foreslått fleire variantar, men alle desse inneheld parkeringshus, med kollektivterminal i front mot Rv 15. Dette er etter vårt syn på lang sikt ein meir eigna lokasjon for kollektivtransporten, då området ned mot elva har kvalitetar som burde nyttast på andre måter. På lang sikt meiner vi det også hadde vore ein fordel om byggevarehandelen ved Coop-plassen var flytta til industriområdet/område for storvarehandel, der det allereie er etabert liknande verksemder. Om dette bygget likevel skal behaldast, har vi foreslått eit alternativ der ein byggjer eit nytt bygg ut mot Rv 15 og busshaldeplass, med parkeringshus mellom desse bygga. Då vil ein kunne skape eit meir slutta gateløp, der ein i større grad får bygg mot vegen også på denne sida av Rv 15, i forlengelsen av Coopen, slik at ein får eit meir "landsbymessig" preg også her. Eit anna alternativ er å rive byggevarehandelen, og erstatte denne med større og høgare bygg for næring og/eller kontor, gjerne i kombinasjon med nytt bygg ut mot Rv 15 og busshaldeplassen. Parkeringshus mellom og under bygga.

#### Område langs Rv 15 på Nordal Camping:

Her har vi foreslått fortetting i form av mindre næringsbygg. På denne måten kan ein forlenge sentrum i retning Gjeisahaugen, forsterke koplinga mot handels- og aktivitetsområdet her nede, og lage ein trivelegare gangforbindelse heile veigen frå Bergomsgarden.



# FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER

Nytt bygg oppå eks. bygningsvolum ved badeanlegg, Fossberg

Fortetting/utbygging i form av småhusbebyggelse med næring eller bustad

Fortetting langs gangveg mot Gjeisarhaugen, for å forlengje sentrum og forsterke link Bergom-Gjeisarhaugen.



Parkeringshus og ev. fortetting på Klukkargardtomta

Parkeringshus med kollektivterminal i front, Coop-plassen. Ev. også fortetting

Fortetting rundt bilfritt torg, Fosstuguområdet


Fortetting bak og rundt Fjellsenteret

Fortetting mellom Fjellsenteret og Bøvra



# FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER - ALT. 1 COOP-PLASSEN


Eks. bygg (Byggern)    Parkeringshus    Kollektivterminal    Parkeringshus med park oppå    Fv 55



Alt. 1 Coop-plassen: parkeringshus med kollektivterminal i front på Coop-plassen. Parkeringshus med park/uteområde oppå på Klukkargardtomta.




Referanseprosjekt, p-hus med park oppå: Rørvik Torg




Prinsipiell illustrasjon, p-hus Klukkargardtomta



# FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER - ALT. 1 COOP-PLASSEN




Snitt, Alt. 1 Klukkargardtomta: parkeringshus med park eller leikeplass oppå.



Snitt, alt. 1 Coop-plassen: p-hus med kollektivterminal på framside




## FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER - ALT. 2 COOP-PLASSEN




Alt. 2, Coop-plassen: Kollektivterminal i front på Coop-plassen, nybygg både i front og bak mot skråninga, med parkeringshus mellom og delvis under. Parkeringshus på Klukkargardtomba med nybygg over og rundt.



# FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER - ALT. 2 COOP-PLASSEN



Snitt, Alt. 2 og 3 Klukkargardtomta: parkeringshus med mogleg bygg over stipla inn.




Snitt, alt. 2 Coop-plassen: p-hus med nybygg over og framfor.



# FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER - ALT. 3 COOP-PLASSEN


Eks. bygg    Nytt bygg med p-hus bak og under    Kollektivterminal    Parkeringshus med bygg oppå    Fv 55




Alt. 3, Coop-plassen: Kollektivterminal i front på Coop-plassen, nybygg i front, med parkeringshus mellom og delvis under. Parkeringshus på Klukkargardtomta med nybygg over og rundt.



## FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER - ALT. 3 COOP-PLASSEN



Snitt, Alt. 2 og 3 Klukkargardtomta: parkeringshus med mogleg bygg over stipla inn.




Snitt, alt. 3 Coop-plassen: eks. hus i bakkant vert behalde. P-hus med nytt bygg i front/over, og kollektivterminal ut mot Fv 55.



# FORTETTINGSPOTENSIALE OG UTVIKLINGSMOGLIGHETER - FJELLSENTERET

Nytt bygg ned mot Bøvra, med uteområde på taket    Norsk Fjellsenter    Nytt bygg bak og attmed Fjellsenteret



3D-utsnitt, mogleg fortetting rundt Norsk Fjellsenter



## MØTEPLASSAR OG TORG

Lom Sentrum har allereie ein del sitteplassar og også nokre naturlege torg/møteplassar i dag. Det tydelegaste torget er området mellom Coopen og Fossberg hotell, med Tor Jonssons Plass på øvre del mot Midtgard. Her er det opp gjennom åra lagt ned ein del ressursar både på materialbruk, beplantning og møblering.

Sentrum manglar likevel dei naturlege, offentlege møteplassene som er godt tilrettelagt for opphald utandørs, for venting, leik og rast, der det føles trygt å opphalde seg, og innbydande for alle besøksgrupper, og som i tillegg er godt tilrettelagt for arrangement.

Vi foreslår her ein del område som vi meiner med fordel kan tilretteleggjast betre, og har også her delt det i kortsiktig og langsiktig perspektiv, da nokre av tiltaka er meir ressurskrevjande enn andre.

Det er valt ut eit par område som vi har meint er ekstra viktige, og som ein har jobba noko meir med - eit i kortsiktig perspektiv og eit i langsiktig. Betre tilretteleggjing av desse områda kan bidra til ei vesentleg heving av sentrum både praktisk og estetisk, og kanskje bidra til at besøkjande oppheld seg enda litt lenger i Lom.

I tillegg har vi valt å vie eit eget avsnitt til Presthaugen. Presthaugen er etter vårt syn ein kjemperessurs for Lom som i dag er for lite utnytta. Eigentleg høyrer Presthaugen inn under både Møteplassar og torg, men også kapittelet for tilretteleggjing for friluftaktiviteter, men vi vel i denne omgang å presentere alle forslag til forbetringar og tiltak for Presthaugen inn under det fyrst nemnde kapittelet.

### Vi foreslår tilretteleggjing av følgjande område:

#### Område framfor Nilsbue:

Her er det rom for å tilretteleggje betre med møblering for opphald og ev. rast

#### Kyrkjevollen/grasbakken mellom parkeringa og muren rundt kyrkjegarden:

Her er det mykje folk som oppheld seg og passerar. Sjølv om ein skal vera forsiktig med å gjere for store inngrep og endringar her, meiner vi det bør vera rom for ein stram, enkel og diskret møblering, som ikkje visuelt forstyrrer kyrkja i for stor grad. Sjå referansebilete for mogleg utforming av benk.

#### Området mellom Fjellsenteret og Bøvra:

Her er det i dag ei "hylle"/ein plass med ein gangsti og enkel møblering i form av eit steinbord. Denne plassen tenkjer vi med fordel kunne vore oppgradert, da ein her verkeleg kjem nært på elva og Prestfossen. Alternativ kan denne plassen flyttast opp på taket av nybygg ned mot elva, som foreslått i kapittel om fortetting.

#### Området mellom Coopen og Fossberg ("Tor Jonssons Torg"):

Dette området meiner vi er ekstra viktig å oppgradere, og det har også kome fleire innspel som kjem på utforminga av dette området. Dette området vert i dag nytta til ein del arrangement, som til dømes julegrantenning o.l., og det er m.a. ønskjeleg at det vert enda betre tilrettelagt for dette. Vassvaglen og Tor Jonssons plass ligg i kvar sin ende av dette området som fine element, men området manglar ein heilheitleg plan. I tillegg er det meste av plassen i dag nytta til parkering og biltrafikk.

I denne studien foreslår vi at området til dagleg, iallfall sommarstid, vert gjort til eit tilnærma bilfritt torg. Ein beheld noko parkering i randsonen, mot Fossberg hotell og HC-parkering mot Coopen, men ut over dette er plassen foreslått bilfri. Service- og utrykningsbilar kan sjølvstøtt køyre inn på plassen, men kun ved praktiske behov. Trafikk til skråparkering ved Fossberg blir einveigskøyr, med atkomst frå vest, og utkøyring mot aust (under gangbrua på Fossberg).

Utforming med heilheitleg dekke over heile området, opp til Midtgard, som til dømes betongheller eller gatestein, bremsar farten og signaliserar at dette er eit torg. Møblering og beplantning er hovudsakeleg laus og kan flyttast ved arrangement. Noko leike- og aktivitetsmøblering, som også kan flyttast. Einaste faste møblering er eit fåtal tre som signaliserer randsonene i det bilfri torget, samt fire store lysmaster.

Ein tilrettelegg brønner for straum og ev. vatn til arrangement og torgdagar. Høgdeforskjell mellom nedre og øvre nivå (ved Midtgard) vert teke opp med eit amfi som kan fungere både som trapp og sitteplassar. På toppen av amfiet kan plataet nyttast til scene, og en lagar derfor brønner i grunnen for straum og ev. montering av tak her.

Forhåpentleg kan plassen ikkje berre vera ein ressurs for dei besøkjande og ved arrangement, men også i det daglege og for lomverane, ved at plassen vert ei naturleg utviding av møteplassane som Fossberg og Coopen er i dag.

#### Området mellom Murgarden og Bøvra ("Fosstugutorget"):

Som tidlegare beskrive, foreslår vi fortetting i dette området, med nye næringsbygg ut mot elva og mot vest. Desse bygga vil då, saman med Brimibue/Murgarden, og bygga lenger aust (Bakeriet, Fjell og Fritid, Smak i Lom, Flækøybygget) ramme inn området som eit lukka torg. Vi foreslår at dette torget vert bilfritt, med laus møblering som tilrettelegg for opphald, men med opningar og siktlinjer ut mot Bøvra. Helst også med moglegheit for å gå på utsida av dei nye bygga, ned mot elva.



Referanse benk, Kyrkjevollen og resten av sentrum



# MØTEPLASSAR OG TORG - KORTSIKTIG PERSPEKTIV



# MØTEPLASSAR OG TORG - LANGSIKTIG PERSPEKTIV



“Fosstugutorget”:  
tilrettelegging for bilfritt torg.  
Sjå illustrasjonar.



## PRESTHAUGEN

Betere skilting og informasjon, både nede ved veien og Fjellsenteret, samt i sentrum.

Leggje til rette for lågterskel servering, gjerne frå det nye Eldhuset, alternativt frå mobile vogner, slik at besøkjande kan kjøpe seg ei forfrisking, og ta seg ei pause i graset på eitt av tuna, eller i skogen.

Ny gangsti gjennom området, med belysning i form av låge pullerter, samt belysning av bygg/fasader - sjå referansebilete.

Stigen plasserast i terrenget slik at det er betre tilrettelagt for UU. Dekke kan vera i form av grus, eller i form av nett/mesh som let skogbotnen og vegetasjonen vera som den er. Sjå referansebilete.

Meir synlege og meir innhaldsrrike informasjonsskilt ved alle tun/bygg. Kan ev. supplerast med meir info på nett, som kan nås med QR-kode.

Terrengtrapp opp frå Lykkja, som alternativt åtkomstveg. Kan vera i ulike material, til dømes tre eller plasstøpt betong som følgjer terrenget. Sjå referansebilete.



Presthaugen er etter vårt syn ei skjult perle, som alt for få veit om eller får med seg.

Lom sentrum har i det heile lite grønt, og ingen større grøntområde inne i sjølve sentrum. Staden er jo omgitt av vakker natur, men som lågterskel, nært grøntområde har Presthaugen ein unik kvalitet.

Dersom ein kan informere betre om Presthaugen både som park og som museum, både i sentrum og ved veg og åtkomst, kan enda fleire få glede av denne grøne lunga. Dersom ein i tillegg får til lågterskel servering, betre gangsti og betre informasjon ved dei vakre tuna kan Presthaugen vera eit kjærkomment avbrekk, eit grønt og kulturelt pusterom i det elles så pulserande sentrum.



## TOR JONSSONS TORG

Tor Jonssons plass (sirkulær plass på øvre nivå) vert behalde som i dag.

Platå over trapp fungerer som scene ved arrangement. Brønner i dekke for strøm og innfesting av midl. tak/segl over scena.

Skråparkering tilhørende Fossberg. Einveigskøyrd med utkøyring ved Sentral'n.

Vassvaglen vert behalde som i dag (ikkje vist på illustrasjon)



Referansar, møblering leik



3D-utsnitt, Tor Jonssons Torg

Service- og naudkøyrerøy kan køyre opp her. Elles bilfritt.

Trapp/sitteamfi som tek opp høgdeforskjell på plassen.

HC-parkering langs fasade Coopen

4 større ljasmastar rammar inn plassen. Brønner i dekke med uttak for straum og ev. vatn, til arrangement og vedlikehaldsarbeid.

Enkel, laus møblering for opphald, leik og ev. blomster.

Vi foreslår at området mellom Coopen og Fossberg Hotell vert gjort om til bilfritt torg i sommarhalvåret, og har kalt dette for Tor Jonssons Torg. Einsarta dekke, som gatestein eller heller som signaliserar at dette er eit fleirbruksareal, eit "shared space" der mjuke trafikantar har forrang. Lite fast møblering, slik at plassen er mest mogleg fleksibel.

Vassvaglen vert behalde, det same gjeld dagens sirkulære Tor Jonssons Plass, men det nye dekket vert lagt inntil og rundt desse.

Same møblering som i resten av sentrum i form av benkar, og avfallsbrønner nedst på plassen. Beplantning kun i form av plantekasser, samt eit fåtal trær og busker.

For øvrig beskriving: sjå tekst tidlegare i rapporten.



## TOR JONSSONS TORG



3D-utsnitt, Tor Jonssons Torg, sett frå nord, med Midtgard i enden.



3D-utsnitt, Tor Jonssons Torg, sett frå nordvest, med Midtgard Fossberg og Fjuset på venstre side.



# FOSSTUGUTORGET

Nye bygg ned mot Bøvra, med elvepromenade på utsida  
Brimjue  
Bilfritt torg  
Fortetting vest for torget  
Fv 55  
Innkøyring og pumper, bensinstasjon



3D-utsnitt, mogleg torg og fortetting, Fosstuguområdet



# TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSAKTIVITETAR I TILKNYTING TIL SENTRUM

Lom sentrum er eit supert utgangspunkt for friluftsaaktiviteter både til fots og med sykkel. Her fins mange moglegheiter for fotturar av ulik lengd og vanskelegheisgrad, klatremoglegheiter, gode fiskemoglegheiter og også gode område for observasjon av dyr- og fugleliv.

Det er allereie i dag etablert mykje og god skilting av fotturar, både i og rundt sentrum. Det er også etablert ein del informasjonsmateriell, mellom anna turkartbrosjyre for turar med utgangspunkt i sentrum, sykkelkart med forslag til sykkelturar, samt eiga brosjyre for fiske i Lom. Desse ligg tilgjengelege på heimesida til kommunen, og turkartet ligg også fysisk tilgjengeleg i ei open kasse utanfor fjellsenteret. Truleg er desse også fysisk tilgjengelege hjå Visit Jotunheimen/ turistinfo.

Det er etablert ei eiga tur-runde i Lom sentrum, Bergomsrunda, som er delvis merka med skilt. Her fins det også eit utarbeida turkart med markerte postar/interessepunkt langs ruta. I tillegg er det i delar av Bergomsrunda plassert ut informasjonspunkt med tilhøyrande bergartar/mineral knytt til prosjektet Tidsaksen. Dette er ei geologisk vandring gjennom jordas historie, etablert av Torgeir T. Garmo/Fossheim Steinsenter.

Vi opplevde ved synfaring at Bergomsrunda var noko utflytande på enkelte punkt, og at skilting og informasjon langs ruta var noko mangelfull. Mellom anna ved trappa ved steinsenteret. Denne runda er like fullt eit kjempefint, laverskel tilbud som vi meiner ein absolutt bør ta med seg vidare.

I innspelsrunda kom det fleire innspel på forbetringar av Bergomsrunda. I tillegg betre tilretteleggjing og møblering for opphald mm. Det har også kome innspel om at Lom Sentrum manglar en eigna badeplass som lett kan nås til fots på varme sommardagar. Ein har jo innandørs badeanlegg på Fossberg Hotell, men for utandørs bading er det Liabrua som er den plassen dei fleste nyttar. Denne er nokre kilometer unna, og kan derfor ikkje så enkelt nås til fots.

Når det gjeld tilretteleggjing ved Liabrua, samt ved ynda område for villcamping (til dømes ved Tronodbrue), er vårt synspunkt at ein bør etablere toalett ved desse områda. At folk badar og villcampar her kan ein vanskeleg gjera noko med utan å sette opp forbodsskilt, og truleg vil det beste for naturen og alle som ferdast i området vera å ha naudsynte fasilitetar tilgjengeleg.

Det har óg kome innspel om tilretteleggjing for fugletitting i Årsjo Naturreservat. Mange bilar stoppar opp ved Rv 15 for å sjå på dyr- og fuglelivet der nede. Dette er det ikkje tilrettelagt for, og kan i verste fall skape trafikkfarlege situasjonar. Å tilretteleggje ein plass for bilstopp ved Rv 15 er eit opfattande tiltak, men kanskje kan ein via skilt og informasjonsmateriell tilretteleggje for atkomst til området til fots frå Gjeisarøye, til dømes til eit fugletittetårn eller andre tiltak som ikkje er for inngripande.

Som nemnt over er moglegheitene i og frå Lom sentrum mange og gode, og mykje god informasjon er etablert. Dei fleste forbetringstiltaka vi foreslår er såleis ikkje store, inngripande tiltak, men i større grad strukturering og mindre tilretteleggingar.

## Vi foreslår følgjande forbetringstiltak:

- Bergomsrunda forsterkast, ved betre skilting merking langs runda, og eit oppdatert kart-/brosjyregrunnlag. Kanskje også digitalt, ved at ein set ut QR-koder med link til info om dei ulike interessepunkta.
- Ev. link mellom Bergomsrunda og Tidsaksen bør forsterkast. Går du Bergomsrunda på grunnlag av etablert brosjyre/kart, bør du få meir info om kva Tidsaksen er.
- Fysisk forbetring av tilgjengelegheit rundt Utleddsbrua. Her er det noko utvaska masser, og ein del behov for vedlikehald og oppgradering for å forbetre både estetikken og tilgjengelegheita.
- Etablere badstuer for utleige på platå ved elva, mellom Kyrkjevollen og elva.
- Tilretteleggjing for bading/"kaldkulp" i elva nedanfor badstuene, gjerne med ei enkel flytelense for sikring av badande mot straumen. Tilretteleggjing med benker og møblering for opphald på slette ved badeplassen.
- Etablere gangsti frå Fjellsenteret og delvis langs elva/på utsida av Lykkja. Vidare via Lykkja til terrengrapp og til Presthaugen. Denne stigen bør også kunne koplatt på gangsti ned til bru ved Lom Camping.
- Område mellom Lom Møbelindustri og Bøvra kan tilretteleggjast for opphald og rekreasjon med lett møblering.
- Tilretteleggje for bading både ved Skim, vest for Mølla, og ved tjern aust for Liavegen, ved Tronodbrue. Ved sistnevnte er det allereie gjort noko tiltak. Tilretteleggjing i form av vegetasjonsrydding, kanskje treplattingar for opphald, kanskje også toalett.
- Skilte gangatkomst til desse badeplassane frå sentrum.
- Etablere fugletittetårn ved Årsjo, som kan nås til fots via sti frå Stupulvegen eller industriområdet.
- Generell gjennomgang og samordning av skilt og vegvisarar til turmål, fiske og attraksjonar.
- Etablere el-sykkellading og fleire parkeringsplassar for sykklar. Spesielt på dei framtidige torga Fosstugutorget og Tor Jonssons torg.



Flyfoto med moglege badeplassar avmerka



# TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSAKTIVITETAR I TILKNYTING TIL SENTRUM



Tilrettelegging for gangsti til Årsjø og ev. fulgetittetårn

Område mot elva tilrettelagt for rekreasjon/opphold.

Badstuer for utleige. Møblering for opphold ved elva.

Område rundt utleggsbrua bør oppgraderast og tilretteleggjast betre.

Presthaugen betre tilrettelagt, og med ny, mogleg atkomst via terrengtrapp frå Lykkja. Sjå eige avsnitt om Presthaugen.

Ny gangsti langs Lykkja, mot elva. Sjå kart under eige avsnitt om Presthaugen.



Referanse badstu: Soria Moria Sauna i Dalen.



# GENERELLE FORBETRINGSTILTAK, SKJØTSEL OG DRIFT

## Møblering

Det har kome fleire innspel på at møblering i sentrum bør oppgraderast. Vi har også sett ved synfaring at det her er eit behov for ei viss samordning og oppgradering.

Vi foreslår at ein etablerar ny møblering i heile sentrum med likt uforming, eller iallfall innanfor same estetiske formspråk. Kor desse skal plasserast, og kor mange bør det takast ei eiga runde med registrering på.

Vårt forslag er benker og også bord i massivt tre, alternativt i stein, med ei stram, geometrisk uforming. Dette gjer at møbleringa får eit tidsrett uttrykk, med samstundes med ein link til lokal materialbruk og byggeskikk.

Vi meiner det er viktig at desse møblane ikkje har for mykje detaljar, og heller ikkje framstår som "for lette". Sjølv om Lom sentrum framstår som einsarta, er det mykje som skjer i arkitekturen der, slik at møbleringa ikkje bør tilføre ytterlegare visuell støy. Spesielt gjeld dette på Kyrkjevollen og i Presthaugen, dersom ein skal møblere i samband med freda og verna bygg.

## Avfallshandtering

Søppelkassane i sentrum, som i stor grad er spesialbygde i tre, med lokk med saltak, er modne for utskifting. Dei byrjar både å bli slitte, det kan vera vanskeleg å oppfatte formålet, og i tillegg er lokka svært tunge, slik at dei ikkje tilfredsstillir krav til universell utforming.

Vårt forslag er at ein erstattar desse med nedsenka avfallsbrønner på sentrale lokasjonar, gjerne i klynger med et par/tre stykker. Typiske stader for dette kan vera Presthaugen, Kyrkjevollen, Fosstuguområdet og torg mellom Coopen og Fossberg.



Referanser, benker i massivt tre.



Desse brønnane fins i relativt diskret utforming, som synt på referansebilde. Behaldaren over bakken kan om ønskjeleg lakkerast i anna farge, til dømes brun.

I tillegg bør det nok truleg supplerast med nokre mindre søppelkassar plassert rundt om i sentrum. Vi anbefalar at ein også her finn eit katalogprodukt med diskret og brukarvenleg utforming.

## Skjøtsel og drift

Effektiv drift og minimalt vedlikehald er så langt som mogleg lagt til grunn for utforming av dei offentlege områda i sentrum:

- Enkel, samordna sittemøblering i heile sentrum, gjerne standardisert, med få overgangsdetaljar. Truleg noko dyrare i innkjøp, men krev mindre utskifting.
- Avfallsbrønner er meir kostbare å etablere, men har god kapasitet, og må tømmast sjeldnare enn ordinære søppelkassar.
- Holdbare materialer i dekker på torg og plassar, gjerne betong eller naturstein, som krev lite vedlikehald og tåler brøyting.
- Beplantning hovudsakeleg i flyttbare plantekasser. Nokre få, robuste trær på torga, men ingen nye område med plen eller bed.
- Flyttbare leikeapparat og søppelkassar bør vera katalogvare, slik at dei enkelt kan erstattast ved behov. Alle søppelkassar som er der i dag bør byttast ut.
- Tilrettelegging med vassuttak på "Tor Jonssons Torg" og "Fosstugutorget" vil gjere det enklare med skjøtsel av plantekasser, og gjev i tillegg tilgang til vatn ved arrangement.
- Lite fast møblering på dei bilfrie torga gjer det enkelt å brøyte, og fleksibelt i bruk.



Referanse, avfallsbrønner. Kan lakkerast brune.



Flyfoto meg mogleg område for avfallsbrønner avmerka.



# OPPSUMMERING OG TILRÅDINGAR FOR VIDARE ARBEID

For at tankar og idéar som her er presenterte skal kunne vidareførast, og nokre av dei sett ut i livet, er det viktig at ein lagar seg ein konkret plan for vidare arbeid.

Her under kjem vi med våre tilrådingar til kva for tiltak vi meiner ein bør prioritere å planleggje vidare i 2022, for så å vidare gjennomføre desse i 2023 eller 2024:

## Anbefalte, prioriterte tiltak på kort sikt:

Parkering:

- Ny strategi for skilting og informasjon rundt parkering, herunder dei tiltak med lang- og korttidsparkering som er beskrive over.
- Etablere sommarparkering bak badeanlegget på Fossberg, samt på parkering bak Midtgard
- Sommarjobbprosjekt med parkeringsguidar

Torg og møteplassar:

- Etablere bilfritt torg mellom Coopen og Fossberg
- Foreslåtte oppgraderingar i Presthaugen
- Generell oppgradering av møblering og avfallshandtering, herunder mellom anna framfor Nilsbue og på Kyrkjevollen

Tilretteleggjing friluftsliv:

- Styrke og forbetre Bergomsrunda, både med informasjon, tiltak og skilting
- Tilretteleggje ny tilgang til Presthaugen, med terrengtrapp og kobling mellom Lykkja og gangbru ved Lom Camping
- Etablere badstu for utleige, samt oppgradere område rundt utleggsbrua
- Tilretteleggje og skilte badeplass ved Skim, kanskje også ved Tronoddbua
- Ev. etablere toalett ved dei mest populære villcampingområda

Tidsmessig bør det vera mogleg å få planlagt desse tiltaka, og ev. få dei ut på anbod ila hausten 2022, slik at gjennomføring kan skje så fort snøen er gått i 2023. Nokre av tiltaka er reine innkjøp, som kan gjerast utan mykje prosjektering - kun registrering av antal og plasseringar.

**Om ein må velje mellom tiltaka over, meiner vi at skilting/strategi parkering, opparbeiding av torget mellom Coopen og Fossberg, forbetring Presthaugen og møblering/avfallshandtering nok er dei viktigaste tiltaka.**

## Anbefalte, prioriterte tiltak på lang sikt:

Av tiltaka vi har foreslått på lang sikt, er dei viktigaste punkta etter vårt syn desse:

1. Etablering av parkeringshus på Klukkargardtomta. Ev. med bygg oppå/framfor som Bt. 2
2. Flytting av kollektivterminal til Coop-plassen
3. Etablering av bilfritt torg på Fosstuguområdet

Etablering av parkeringshus og fortetting på Coop-plassen er også viktige tiltak som kunne vore eit stort løft for Lom sentrum, men det er mogleg ein her bør vurdere behovet nærare, dersom ein fyrst har etablert parkeringshus på Klukkargardtomta.

Som nevnt før, ligg gjennomføring av desse tiltaka uansett mange år fram i tid, kanskje 10 år eller meir. Erfaringsmessig krev slike større omstillingar uansett lange prosessar og modning både hjå befolkning og beslutningstakarar, og kanskje kan denne studien i så måte bidra til å sette i gang tankeprosessar som kan munne ut i realiserte prosjekt.

